

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 04/02275

HØRING AV NOU 2004: 13: EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING. OM SAMORDNING AV A-ETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER

Sakshandsamar:	Svein-Egil Johannessen	Arkiv: 04 F &13
Saksnr.:	Utval	Møtedato
0098/04	FORMANNSKAPET	18.10.2004
0103/04	KOMMUNESTYRET	28.10.2004

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Svein-Egil Johannessen	Arkiv: 04 F &13
Arkivsaksnr.:	04/02275	

HØRING AV NOU 2004: 13: EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING. OM SAMORDNING AV A-ETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER

ADMINISTRASJONEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Volda kommune ser behovet for samordning av arbeids- og velferdsforvaltning (aetat, trygdeetat og sosialtenesta) og slutter seg i hovudsak til utvalet sine tilrådingar i NOU 2004 :14.

Sjølv om tilrådinga legg opp til eit opplegg for tett samarbeid og samordning mellom kommunal og statleg innsats, er det likevel uklære grenseliner når det gjeld t.d. oppgåver og finansiering. Dette må avklarast. Difor meiner Volda kommune at kommunane vert tungt representert i det vidare arbeidet med reformen.

Samandrag:


Grunnlag for saka er å finne i brev av 08.07.02 frå sosialdepartementet (vedlegg).

Stortingsmelding nr. 14 (2002 – 2003) om samordning av aetat, trygdeetat og sosialtenesta vart i 2003 sendt tilbake til Regjeringa for vidare utgreiing. Regjeringa fekk samstundes i oppgåve å vurdere ulike modellar for ein velferdsetat, ein ny og felles etat som skulle omfatte dei tradisjonelle og etablerte etatane som er: aetat (statleg), trygdeetat (statleg) og sosialtenesta (kommunal).

Aetat, trygdeetat og sosialtenesta utgjer det som vi i dag omtalar som arbeids – velferdsforvaltninga. Desse tre etatane utgjer ein viktig del av velferdsstaten. Velferdsstaten står overfor mange og krevande utfordringar. Ei krevande utfordring, er å få så mange av dei om lag 700 000 personane som i dag mottok trygd i ei aller anna form og storleik, over i arbeid.

15.august 2003 satte Regjeringa ned eit utval med oppgåve å vurdere ulike modellar med tanke på ein felles velferdsetat. Resultatet av utvalet sitt arbeid ligg no føre som NOU 2004 :13. Utvalet sitt mandat er omfattande. Men dei viktigaste momenta frå utvalet sitt mandat er følgjande:

- fleire i arbeid og aktiv virksomheit – færre på trygd og sosialhjelp
- ei brukarretta velferdsforvaltning
- ei effektiv velferdsforvaltning.



Utvalet har sett det som viktig å sikre brukarane av dei ulike tenestene ei samordna og heilskapleg avklaring av sine behov. Med det meinast mellom anna at velferdsforvaltninga må organiserast slik at brukarane skal kunne forhalde seg til eit lokalt kontaktpunkt (førstelinetenesta), og ikkje verte kastaballar mellom etatar.

Høyringsinstansane vert no bedne om å gi tilbakemelding på utvalet sine vurderingar og framlegg. Og elles kome med synspunkt på kva som kan vere ei hensiktsmessig ansvarsfordeling mellom stat og kommune innafor dei ulike modellane. Vidare ber utvalet om synspunkt på mål og organisering av førstelinetenesta. Utvalet ber også om synspunkt på at det samstundes skal gjennomførast ein omfattande pensjonreform (NOU 2004 :1)..

Saksopplysningar:

Utvalet har drøfta spørsmålet om organisasjonsendringar med mellom anna utgangspunkt i "Arbeidslina".

Utvalet har drøfta fleire ulike modellar:

- ein statleg etat for arbeid og inntekt (samling av Aetat og trygdetat) og ein statleg etat for pensjonar
- ~~ei kommunal arbeidsline med ein statleg etat for pensjonar~~
- ein statleg "enetatsmodell" som samlar alle oppgåvene, pensjonar inkludert.
- ein kommunemodell som samlar alle oppgåvene, pensjonar inkludert.
- ein regional modell
- ein statleg etat for inntektssikring og kommunal etat for tenesteyting

Utvalet har etter ein grundig gjennomgang konkludert med at det vil vere rett å samle ansvaret for arbeidslina. Dei ser føre seg to hovudoppgåver:

- ansvar for tenester og økonomisk ytingar knytta til arbeidsløyse, utstøying av arbeidslivet og redusert arbeidsevne,
- ansvar for alderspensjonar, familieytingar, helserefusjonar og andre inntektsoverføringsordningar.

Med dette som utgangspunkt føreslår utvalet følgjande modell:

- ein statleg etat for arbeid og inntekt som har hovudansvaret for dei arbeidsretta oppgåvene.
- ein statleg pensjonsetat med ansvaret for alle pensjonar
- eit fortsatt kommunalt ansvar for det sosiale sikkerhetsnettet, og forslag om innføring av ein ny statleg arbeidssøkjarsstønad
- ei førstelineteneste der brukarane får eit lokalt kontaktpunkt som sikrar ein heilskapeleg avklaring og samordna arbeidsretta tenestetilbod. Den statlege etaten og den kommunale sosialtenesta søkjast samlokalisert så langt som mogleg.

Vurdering:

Adm.sjefen vil peike på at dette er ein stor omfattande reform. Sjølv høyringsdokumentet er på over 300 sider. Difor er det vanskeleg å svare inngåande på alle dei utfordringane som høyringsinstansane er bedt om å ta stilling til innafor høyringsfristen.

Dette er eit framlegg til ein reform med stor kompleksitet. Reforma dreier seg om ein brukarretta organsisjonsform, den dreier seg om økonomi, den dreier seg om tilpasningar av lovverk og eventuelle konsekvensar reforma vil ha for kommunene.

Adm.sjefen har ikkje merknadar til utvalet sitt framlegg om å samle ansvaret for arbeidslina slik det er skissert. Ei betre samordning mellom statlege og kommunale etatar er naudsynt for å realisere arbeidslina. Det er positivt at utvalet peikar på ei samlokalisering av etatane skal gjennomførast så langt som mogleg.

Adm. sjefen viser til utvalet sitt framlegg om ein ny arbeidssøkjarsstønad. Ein slik stønad vil kunne vere eit godt bidrag til å få dei t.d. yngre personar raskara ut i tiltak og arbeid. Den vil samstundes også kunne bida til at sosialtenestene ute i kommunane betre kan konsentrere seg om sosialt arbeid.

Adm. sjefen viser til at grenselinene mellom stat og kommune ikkje er så lette å trekkje opp. Truleg må lovverket justerast, evt. endrast. Økonomi er ein sentral del i dette biletet. Adm.sjefen føreset at ein slik reform ikkje vert underfinansiert med den konsekvens at kommunane ikkje får tilstrekkelege ressursar til å ta i vare dei oppgåvene som fell på den kommunale sosialtenesta.

Kommunane bør få ein sentral plass i det vidare arbeidet med førebuing og gjennomføring av reforma.

Helse- og miljømessige konsekvensar av saka:

Ein organisasjonsreform åleine vil ikkje føre til betre helse og miljø for dei vel 700 000 personane som i dag mottek trygd i ein eller anna form og storleik. Adm. sjefen syner til at vi samstundes må byggje eit arbeidsliv som er variert nok slik at *alle* kan bidra med sin arbeidsevne. Dette betyr at ei haldningsendring må finne stad. Adm. sjefen seier seg med dette, ikkje berre uroleg over at så vidt mange lever av trygd, men seier seg uroleg over dei utstøytingsmekanismane som synes å råde i norsk arbeidsliv.

Økonomiske konsekvensar av saka:

Ikkje vurdert.

Konklusjon:


Adm.sjefen viser til saksframlegget, og ser behovet for samordningar av arbeids – og velferdsforvaltninga (aetat, trygdetat og sosialtenesta). Adm.sjefen sluttar seg i all hovudsak til utvalet sine tilrådingar i NOU 2004: 14.

Vedlegg:

Brev datert 08.07.04 frå det Kongelege Sosialdepartementet til høyringsinstansane.

Uprenta vedlegg:

NOU 2004 : 14 (300 sider)



Jarle B. Krumsvik

Adm.sjef

Utskrift til:

Det Kongelige Sosialdepartement, P.b. 8019 Dep., 0030 Oslo

Saksprotokoll

Utval:	FORMANNSKAPET
Møtedato:	18.10.2004
Sak:	0098/04

Arkivsak:	04/02275
Tittel:	HØRING AV NOU 2004: 13: EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING. OM SAMORDNING AV A-ETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER

Tilråding til kommunestyret:

Volda kommune ser behovet for samordning av arbeids- og velferdsforvaltning (aetat, trygdeetat og sosialtenesta) og slutter seg i hovudsak til utvalet sine tilrådingar i NOU 2004 :14.

Sjølvs om tilrådinga legg opp til eit opplegg for tett samarbeid og samordning mellom kommunal og statleg innsats, er det likevel uklare grenseliner når det gjeld t.d. oppgåver og finansiering. Dette må avklarast. Difor meiner Volda kommune at kommunane vert tungt representert i det vidare arbeidet med reformen.

Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå administrasjonen vart samrøystes vedteken.

Saksprotokoll

Utval:	KOMMUNESTYRET
Møtedato:	28.10.2004
Sak:	0103/04

Arkivsak:	04/02275
Tittel:	HØRING AV NOU 2004: 13: EN NY ARBEIDS- OG VELFERDSFORVALTNING. OM SAMORDNING AV A-ETATS, TRYGDEETATENS OG SOSIALTJENESTENS OPPGAVER

Vedtak:

Volda kommune ser behovet for samordning av arbeids- og velferdsforvaltning (aetat, trygdeetat og sosialtenesta) og slutter seg i hovudsak til utvalet sine tilrådingar i NOU 2004 :14.

Sjølvs om tilrådinga legg opp til eit opplegg for tett samarbeid og samordning mellom kommunal og statleg innsats, er det likevel uklare grenseliner når det gjeld t.d. oppgåver og finansiering. Dette må avklarast. Difor meiner Volda kommune at kommunane vert tungt representert i det vidare arbeidet med reformen.

Behandling:

Røysting:

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.



DET KONGELIGE
SOSIALDEPARTEMENT

Sosial end.
for reg. og vidare
arbeid VBR

VOLVINGEN JUNE SOSIALDEPARTEMENT	
26 JULI 2004	
04/02275	
Saksbehandler Lars Wilhelmsen	

Til høringsinstansene

Deres ref

Vår ref
200401570

Dato
08.07.2004

Høring av NOU 2004: 13: En ny arbeids- og velferdsforvaltning – Om samordning av Aetats, trygdeetatens og sosialtjenestens oppgaver

Ved kongelig resolusjon 15. august 2003 nedsatte regjeringen Bondevik II et utvalg til å utrede ulike organisasjonsmodeller for samordning av Aetat, trygdeetaten og sosialtjenesten. Utvalget la fram sin utredning, NOU 2004: 13 En ny arbeids- og velferdsforvaltning 29. juni i år. Utvalgets vurderinger og tilrådinger er oppsummert i kapittel 10 i utredningen.

Utredningen sendes med dette på høring, jf. vedlagte høringsliste. Høringsinstansene bes om å vurdere behovet for å forelegge utredningen for eventuelle underliggende instanser eller tilknyttede organisasjoner som ikke står på den vedlagte høringslisten. Hvis dette er aktuelt, kan en få tilsendt flere eksemplarer av utredningen og høringsbrevet ved å kontakte Sosialdepartementet på tlf. 22 24 86 62. Utredningen er også tilgjengelig på www.samordning.dep.no.

Høringsinstansene bes om å komme med merknader til utvalgets vurderinger og forslag. Det er ønskelig å få høringsinstansenes vurderinger av samtlige modeller som utvalget drøfter, herunder synspunkter på:

- hva som kan være hensiktsmessig ansvarsfordeling mellom stat og kommune innenfor de ulike modeller
- målene for og organiseringen av førstelinjetjenesten.


Regjeringen tar sikte på å legge fram en melding basert på Pensjonskommisjonens rapport, NOU 2004: 1 Modernisert folketrygd – bærekraftig pensjon for framtida, for Stortinget slik at den kan behandles i vårsesjonen 2005. Høringsinstansene bes også om, i vurderingen av de ulike organisasjonsløsningene som utvalget har drøftet, å ta høyde for at det samtidig skal gjennomføres en omfattende pensjonsreform.

Høringsuttalelsene må være Sosialdepartementet i hende **innen 1. november 2004**. Det bes om at høringsuttalelsene disposisjonsmessig knyttes til kapittelinnndelingen i utredningen. Høringsuttalelsene bes også sendt på e-post til elh@sos.dep.no.

Med hilsen



Lars Wilhelmsen e.f.
prosjektdirektør



Odd Helge Askevold
avdelingsdirektør

Vedlegg:

1. NOU 2004: 13 En ny arbeids- og velferdsforvaltning. Om samordning av Aetats, trygdeetatens og sosialtjenestens oppgaver
2. Liste over høringsinstansene

Norsk Attføringsforum
Norsk Bonde- og Småbrukarlag
Norsk Helse- og sosiallederlag
Norsk Omskoleringsforbund
Norsk Pensjonistforbund
NOVA
Næringslivets Hovedorganisasjon
Organisasjon mot offentlig diskriminering
Riksrevisjonen
Rikstrygdeverket
Rådet for psykisk helse
Samarbeidsforumet av funksjonshemmedes organisasjoner
Seniorforum for attføring
Seniorsaken Norge
Senter for seniorpolitikk
Senter mot etnisk diskriminering
Sivilombudsmannen
Skattedirektoratet
Sosial- og helsedirektoratet
Statens arbeidsmiljøinstitutt
Statens eldreråd
Statens råd for funksjonshemmede
Statens seniorråd
Statistisk sentralbyrå
Stiftelsen for samfunns- og næringslivsforskning
Stiftelsen Frischsenteret for samfunnsøkonomisk forskning
Telemarksforskning
Trygderetten
Universitetet i Bergen
Universitetet i Oslo
Universitetet i Tromsø
Utdanningsgruppens Hovedorganisasjon
Utlendingsdirektoratet
Velferdsalliansen
Yrkesorganisasjonenes Sentralforbund

Høringsinstanser

Aetat Arbeidsdirektoratet
Akademikerne
Arbeidsforskningsinstituttet
Arbeidsgiverforeningen NAVO
Arbeidsmiljøsenteret
Arbeidssamvirkenes Landsforening
Bedriftsforbundet
Bransjeforeningen Attføringsbedriftene
Bemannings- og rekrutteringsbransjens forening
Datatilsynet
Den norske Advokatforening
Den Norske Kreftforening
Departementene
Direktoratet for arbeidstilsynet
FAFO
Finansforbundet
Finansnæringens arbeidsgiverforening
Finansnæringens Hovedorganisasjon
Forum for arbeid med bistand
Funksjonshemmedes Fellesorganisasjon
Fylkeskommunene
Fylkesmennene
Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
Handelshøyskolen BI
Høgskolen i Agder
Høgskolen i Oslo
Høgskolen i Nord-Trøndelag
Høgskolen i Tromsø
Innvandrerne Landsorganisasjon
Kirkens Bymisjon
Kommunene
Kommunenes Sentralforbund
Konkurransetilsynet
Kontaktutvalget mellom innvandrere og myndighetene
Landslaget for offentlige pensjonister
Landsorganisasjonen i Norge
Landsrådet for arbeid til yrkeshemmede
Landsrådet for Norske barne- og ungdomsorganisasjoner
Likestillingsombudet
Likestillingsrådet
Likestillingssenteret
Mangfold i arbeidslivet
Norges Bank
Norges Bondelag
Norges Fiskarlag
Norges Handelshøyskole
Norges Kvinne- og Familieforbund
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU)

